



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Høyring - statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane

Vi viser til høyringsdokumenta. Eit hovudgrep i forslaget er å ta temaet klimatilpassing inn i den statlege retningslina for klima- og energiplanlegging, som har vore gjeldande frå 2009. Det skal bidra til betre samanheng i arbeidet med å sikre reduksjon av utslepp og arbeidet med klimatilpassing.

Det er gjort berre mindre justeringar i eksisterande retningsline. Departementet ber difor om at merknader vert avgrensa til formål, verkeområde og kapittelet om klimatilpassing. Det er teke inn eit nytt punkt i oppstillinga som gjeld innhaldet i planar, for å sikre samanhengen mellom planlegging for klima og energi og samordna bustad- areal – transport.

Fylkesmannens merknader

Klimatilpassing som statleg planretningsline

For å sikre at planlegginga tar inn over seg verknadene av klimakrisa vil det i åra framover tvillaust vere nødvendig med eit breiare tematisk og fagleg grunnlag for arbeidet. Fylkesmannen er difor positiv til at klimatilpassing får ei tydeleg nasjonal prioritering ved at det blir innarbeidd i statlege planretningsliner, jf. plan- og bygningslova § 6-2.

Eit viktig mål for framtidig planlegging må vere at ein unngår ny utbygging på areal med fare for skred, flaum eller ras. Ny kunnskap om klimaprofilar med meir vil sette premisser for planlegginga, og må nyttast systematisk som grunnlag for arbeidet. Utviklinga framover vil og gjere det nødvendig å endre planar og eksisterande arealbruk.

Overvatn

Problemstillingar knytt overvatn vil i åra framover få aukande søkjelys som tema i planlegginga. Mange av dagens tettstader er ikkje bygde for å handtere dagar eller periodar med mykje nedbør, då det er mykje harde flatar.

Fylkesmannen vil særleg peike på at det er viktig å prioritere løysingar som sikrar naturens eigne økosystemtenester. Utbygginga må ha opne vassvegar og blågrøne strukturar. I forslag til retningsliner er det krav om at planleggjarar må gi ein konkret grunngjeving for å ikkje nytte naturbaserte løysingar for handtering av overvatn. Fylkesmannen meiner denne formuleringa vil vere viktig og nyttig, då ho kan nyttast direkte i planlegginga i samband med krav til innhald i planprogram og konsekvensutgreiingar.

Erfaringar med gjeldande retningsliner

Gjeldande statleg retningsline for klima- og energiplanlegging har vore viktig grunnlag for kommunane sitt arbeid med klima- og energiplanar. Dei fyrste planane i Hordaland var berre i liten grad kopla opp mot anna planlegging i kommunen. Dei fekk difor liten innverknad på vedtak og prioriteringar. Mange kommunar er no i gong med å utarbeide «andre generasjon» klima- og energiplanar. Vi ser at mange kommunar framleis utarbeider eigne kommunedelplanar. Samstundes er klima- og energiplanlegging i aukande grad og sentrale tema i kommuneplanen, både i samfunnsdel og arealdel. Uansett val av planform, er det viktig å presisere at planen sin handlingsdel må koplast til kommunens sentrale styringssystem, som økonomiplan og årsbudsjett, jf. pbl § 11-1.

Tilhøvet til SPR for samordna bustad- areal og transportplanlegging

I fylket vårt har gjeldande retningsline for klima- og energiplanlegging i liten grad vore grunnlag for motsegner i konkrete plansaker. Det er truleg fordi dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har vore ein meir naturleg referanse i arbeidet med å følgje opp nasjonal mål for tettstadsutvikling, redusert transportarbeidet og miljøvenlege transportformer.

Formål og verkeområdet slik det er formulert i gjeldande og føreslåtte retningslinene er til dels overlappande. Vi vil difor be departementet vurdere om det er grunnlag for i enda større grad å samordne dei statlege planretningslinene. Det vil vere ein fordel om denne type verktøy er så konkret og oversikteleg som mogleg.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM